



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Formannskapet

**Møtedato:** 05.09.2012

**Møtetid:** 15:00 -

**Møtestad:** Kommunehuset

---

*Varamedlem skal ikke møta utan nærmere innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [adm@samnanger.kommune.no](mailto:adm@samnanger.kommune.no)), som vil kalla inn varamedlem.

Tjalve Marken og Sigmund Dyrhovden vil orientera om mogleg etablering av plastindustriverksemd og tomt til den. Sjå notat.

ordførar

**SAKLISTE**

<b>Saker til handsaming på møtet</b>			
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
050/12	12/528	Faste saker	
051/12	10/514	Godkjenning av finansreglement for Samnanger kommune	
052/12	10/376	Sal av utmark - Erikajorda - gnr 18, bnr 5 Reistad	
053/12	12/497	Høgfartsbane i Norge 2012 - 2015 - søknad fra Norsk Bane om tilskot til utgreiing	

<b>Oversikt faste saker</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerete vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Arkivsaksnr:</b> 12/528	<b>Løpenr:</b> 12/4368
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Formannskapet	05.09.2012	050/12	TR

**FASTE SAKER**

<b>Oversikt faste saker:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li> <li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li> <li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li> <li>• Utvalet sitt kvarter</li> </ul>

**Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:**

<b>Arkivsak</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Dok.type</b>	<b>Avs./mott.</b>	<b>Tittel/innhold</b>
09/3	28.08.2012	X	Marit Aksnes Aase	Oppfølging av kommunestyrevedtak vedk. bruk av steinmassar frå Tyssetunnelen - Gaupholm næringsområde
12/523	28.08.2012	X	***	Førespurnad om tomt til plastindustri

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Nina Erdal	<b>Arkivkode:</b> FE-200, TI-&00
<b>Arkivsaksnr:</b> 10/514	<b>Løpenr:</b> 12/4037
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Formannskapet	05.09.2012	051/12	NE

### **GODKJENNING AV FINANSREGLEMENT FOR SAMNANGER KOMMUNE**

---

**Dokument som er vedlagt:**

Vedlegg til finansreglement.doc

Forslag til finansreglement Samnanger - 2012.docx

---

**Kva saka gjeld:**

Finansforskrifta regulerer korleis kommunen kan plassera ledig likviditet og forvalta gjeldsportefølja. Den nye forskrifta, som kom 1.juli 2010 stiller krav om at kommunen sitt finansreglement skal vedtakast minst ein gong pr kommunestyreperiode. Det er kommunestyret som skal gje reglar for finansforvaltninga i kommunen. Det er og presisert at finansforvaltninga skal vera i samsvar med kommunen sin eigen kunnskap på dette feltet. Rapporteringskrava frå administrasjon til kommunestyret er styrka. Det skal rapporterast minst to gonger pr år. Nytt er og at lånevedtak skal seia noko om nedbetalingstid.

Samnanger kommune tok i 2010 utgangspunkt i eit ferdig reglement frå NKK og tilpassa dette til eigne forhold. Revisor vurderte forslaget til finansreglementet og konkluderte med at det var i tråd med finansforskrifta. Finansreglementet vart vedtatt i Kommunestyret 04.11.2010.

Jfr forskrifta skal reglementet vedtakast minst ein gong per kommunestyreperiode, og det vil vera naturleg å gjera dette tidleg i perioden.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Finansreglementet har no vore i bruk i 2 år. Erfaring med reglementet har vist at det er naudsynt med ein mindre endring (punkt 7.7). Det vil og vera naturleg å ta ein diskusjon på rentebinding og flytande rente (punkt 7.5).

Punkt som er foreslått endra:

**Punkt 7.7. Rapportering**

- Tabell for rapportering : I tabellen er det lagt opp til at innsparing / meirforbruk på lånerente skal oppgjevast i kroner. Dette er sjølv sagt interessant og vesentleg i forhold til budsjetttrapportering, men det har vist seg krevjande å ange dette som eit kronebeløp før året er omme. I år med større investeringar er det vedtatt at renteutgifter som er knytt til investeringar, skal først i investeringsrekneskapen i byggjepериодen. Nøyaktig sum vil me ikkje kunne bokføra før alle postar er bokført. Det er derfor foreslått at dette punktet blir flytta ned i tekstdelen kor me vil seia noko om reell rente i forhold til budsjettet rente, renteutvikling og forventa innsparing/ meirforbruk.
- Kommunen har ikkje FRÅ- er og Swap kontraktar og det er heller ikkje opning i finansreglementet til å inngå slike kontraktar. Punktet om rapportering på denne type kontraktar blir tatt ut.

Punkt som må diskuterast nærare:

Tidspunkt for rapportering (punkt 6.4/ 7.7): Det er ingen føringar i forskrifta på når det skal rapporterast, berre kor mange gonger. Det er i Samnanger kommune si finansforskrift lagt opp til rapportering pr 30. april og 31. august. Det må vurderast om desse tidspunktene er hensiktsmessige i forhold til kva kommunestyremøte ein ynskjer rapporteringa i. Det vil og vere fornuftig å ta budsjetttrapportering samstundes med finansrapportering og det praktiske arbeidet med denne må det og takast omsyn til. Ønsket om at rapporteringa skal vera så ”fersk” som mogeleg har ofte gjort at rapporten er sendt direkte til Kommunestyret. Det må avgjerast om budsjett- og finansrapportering skal handsamast i formannskapet først.

Rentebinding (punkt 7.5): Over tid vil det sjeldan svara seg å binda renta, men med ei bunde rente på delar av låneporteføljen vil kommunen ha meir kunnskap om kva renteutgifter me kan forventa dei neste åra. Dess større del av låna som har bunde rente, dess sikrare og meir stabile er kommunen sine renteutgifter. Behovet for sikker kunnskap om framtidige utgifter må vegast opp mot den prisen ein betalar for å sikra renta. I finansreglementet som vart vedtatt i 2010 er fordelinga 30 % på flytande, 20 % på fast og 50 % skal vurderast utifrå marknadssituasjonen. I framlegget er det ikke forselslått endring. Pr april 2012 hadde 32 % av lånegjelda vår fast rente, dvs 12 % meir enn minimumskravet til bunde rente i finansreglementet.

Halvparten av lånegjelda skal som nemnt vurderast ut ifrå marknadssituasjonen  
Lånerenta har vore særslig låg det siste året. Bør kommunen nytta høve og binda renta på ein større del av låna? Har kommunen økonomi til å ta ein evt. renteauke? Kor stor renteauke kan kommunen ta utan at det vil gå utover driftsoppgåvene (skule, helse mm)?

Eit eksempel:

I sommar tok kommunen opp lån på kr 25.5 mill. hos Kommunalbanken.

Rentetilboda kommunen fekk var:

- Flytande (effektiv): 2,516 % p.a.
- Fastrente: 3 år 2,70 % p.a.
- Fastrente: 5 år 3,16 % p.a.
- Fastrente: 10 år 3,95 % p.a.

Kommunen har tatt opp lånet med flytande rente, men har bedt om tilbod på fastrente. Dersom kommunen bind renta for 10 år, vil kommunen år 1 betale kr 367 200,- for sikkerheita ei bunde renta vil gje ( $3,95\% - 2,516\% = 1,44\%*$  kr 25,5 mill). I økonomiplanen er det budsjettert med 4 % rente. På sikt kan ein kanskje sjå for seg at den bunde renta vil ligga lågare enn den flytande og at ein derfor vil få ein reell gevinst. Binding av renta er først og fremst interessant ut frå at ein då har kjennskap til utgiftene fleire år fram i tid og at ein minkar risikoen for uføresette utgifter. Dersom kommunen ikkje har økonomi til å ta ein renteauke, vil binding verea naudsynt for å sikra økonomien, sjølv om det betyr at ein betaler høgare pris heile eller delar av perioden.

Forskrift om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning stiller krav om at finansreglementet skal vurderast av uavhengig instans før det blir vedtatt. Revisorskapskapet Deloitte as konkluderte i 2010 at finansreglementet var i tråd med finansforskrifta. Det er berre gjort ubetydelege endringar i det nye forslaget til finansreglement. Me vurderer det derfor som unødvendig å senda reglementet til ny vurdering.

## Vedlegg til finansreglement

### Definisjonar:

#### Aksjar

Eigardel i aksjeselskap. Aksjeeigarar er ikkje personlig ansvarlige for selskapets forpliktingar. Alle aksjar (av same klasse) gir lik rett i selskapet. Gjennom generalforsamlinga utøvar aksjeeigarane den øverste myndighet i aksjeselskapet. Se også grunnfondsbevis.

#### Durasjon

Renteinstrument har en pålydande verdi som tilbakebetalas til kjøparen ved forfall og rentekupongar som vanlegvis betalas til kjøparen på faste tidspunkt gjennom løpetida. Til saman utgjør dette instrumentets kontantstrøm til kjøparen. Durasjon er den gjennomsnittlige tid det tar før disse kontantstrømene mottas. Kontantstrømene veies med størrelsen, slik at tilbakebetalingstidspunktet for pålydande verdi vanlegvis får størst vekt. Det betyr at durasjonen kan betraktast som en korrigert løpetid for instrumentet. Durasjonen er aldri lenger enn løpetida, og rentekupongar gjør at den vanlegvis er kortare. Durasjonen (egentleg modifisert durasjon) er dessutan et mål for kor følsamt prisen på instrumentet er for renteendring (kor mange prosent prisen reduseras med når renta aukar med en prosent). Lang durasjon betyr at prisen er svært følsam for renteendringar.

#### Fond

Portefølje som består av for eks. fleire aksjar kor fleire investorar kan vere eigarar

#### Kredittrating

Mål på kreditverdighet. For eks blir karakteren AAA, som er den beste, gitt til føretak med solid økonomi og særdeles god evne til å imøtekommeha aktuelle betalingsforpliktingar

#### Kreditrisiko

Kreditrisiko representerer faren for at ein motpart i ein kontrakt, for eks. ein låntakar, ikkje innfrir sine forpliktingar i medhald til avtale.

#### Langsiktig finansielle aktiva

Dette er midlar som ikkje må reknas som ledige likvider og andre midlar berekna for driftsformål, og som ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan anses forsvarlig å forvalte med en lang tidshorisont med noko mindre fokus på kortsiktige marknadssvingingar. Langsiktige finansielle aktiva skil seg frå ledige likvider og andre midlar berekna for driftsformål ved at forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva ikkje skal være utslagsgjenvende for kommunen si betalingsevne på kort sikt.

#### Likviditet

Utrykk som fortel kor enkelt og raskt eit aktiva kan omsettast til kontantar

#### Likviditetsrisiko

Faren for at plasseringar ikkje kan gjerast disponible på kort sikt utan at det oppstår vesentleg prisfall på plasseringa i samband med realisasjon

#### NIBOR (Norwegian Inter Bank Offered Rate) Pengemarknadsrenta

NIBOR eller pengemarknadsrenta er renta på lån bankane i mellom.

**NOK**  
Norske kroner

**Pengemarknad**

Rentepapir som har innløysing innan eit år. Slike kortskiktige aktiva har høg likviditet og kan ha relativt lav risiko.

**Renterisiko**

Knytt til at verdien av renteberande verdipapir vert endra dersom renta vert endra.

**Swap**

Avtale mellom to parter om å bytte framtidige kontantstrømmar. For eksempel kan den eine parten betale den andre sin flytande rente, mens ein sjølv mottar fast rente.

**Verdipapir**

Nemninga på ulike aktiva, eks. aksjar, obligasjonar eller pengemarknad

# **Reglement for finansforvalting**

## **Samnanger kommune**

## ***REGLEMENT FOR FINANSFORVALTING***

1. Finansreglementet sitt verkeområde .....	3
1.1 Målet med reglementet.....	3
1.2 Kven reglementet gjeld for.....	3
2. Heimel og gyldigheit.....	3
2.1 Heimel .....	3
2.2 Gyldigkeit.....	3
3. Forvalting og forvaltingstypar.....	3
4. Føremålet med kommunen si finansforvalting .....	3
5. Generelle rammer og avgrensingar .....	4
6. Forvalting av ledig likviditet og andre midlar avsett til driftsføremål .....	4
6.1. Innskot i bank.....	5
6.2. Part i pengemarknadsfond.....	5
6.3. Felles avgrensingar for plassering.....	5
6.4. Rapportering.....	5
7. Forvalting av gjeldsporteføljen til kommunen og andre finansieringsavtalar .....	6
7.1. Vedtak om opptak av lån.....	6
7.2. Val av låneinstrument .....	7
7.3. Tidspunkt for låneopptak .....	7
7.4. Konkurrerande tilbod .....	7
7.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument.....	7
7.6. Storleik på enkeltlån – spreiling av låneopptak .....	7
7.7. Rapportering.....	8
8. Forvalting av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva.....	8
8.1 Føremål .....	8
8.2 Investeringsrammer.....	9
8.3 Etiske retningslinjer .....	9
9. Konstatering av avvik og vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko .....	9
9.1 Konstatering av avvik .....	9
9.2 Risikovurderingar.....	10
9.3 Kvalitetssikring .....	10

## 1. Finansreglementet sitt verkeområde

### 1.1 Målet med reglementet

Reglementet skal gje rammer og retningslinjer for finansforvaltinga til kommunen. Reglementet er ei samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld. Reglementet definerer kva for avkastings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvalting av likvide midlar og midlar tiltenkt driftsføremål, opptak av lån/gjeldsforvalting og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

### 1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Samnanger kommune.

## 2. Heimel og gyldigheit

### 2.1 Heimel

Dette reglementet er utarbeidd på bakgrunn av:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 52
- Ny føreskrift om finansforvalting i kommunar og fylkeskommunar lovfesta av KRD 9. juni 2009 (FOR 2009-06-09 nr 635).

### 2.2 Gyldigheit

- Reglementet trer i kraft frå og med 25.12.2012. Finansreglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.
- Dette reglementet erstattar alle tidlegare reglar og instruksar som kommunestyret eller andre politiske organ har vedteke for finansforvaltinga i Samnanger kommune.

## 3. Forvalting og forvaltingstypar

I samsvar med vedtaka i føreskrifta om finansforvalting i kommunar og fylkeskommunar skal reglementet gjelda for forvaltninga av alle kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (gjeld med renter). Med dette finansreglementet er det vedteke mål, strategiar og rammer for:

- Forvalting av ledig likviditet og andre midlar tiltenkt til driftsføremål.
- Forvalting av kommunen si gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar
- Plassering og forvalting av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva.

## 4. Føremålet med kommunen si finansforvalting

Finansforvaltinga har som overordna føremål å sikra ei *rimeleg avkasting* og *stabile* og *låge netto finansieringskostnadar* for kommunen sine aktivitetar innanfor *definerte risikorammer*.

Dette freistar ein å oppnå ved følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrettar) til å dekka ”løpande forpliktingar”.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkasting innanfor definerte krav til likviditet og risiko, med omsyn til tidsperspektiv på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gje så låge totalkostnadene som råd er innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.
- Dersom kommunen har langsiktige finansielle aktiva, skal forvaltinga av desse gje ei god langsiktig avkasting til akseptabel risiko.

## 5. Generelle rammer og avgrensingar

- Kommunestyret skal sjølv gjennom fastsetjing av dette finansreglementet, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkasting og vesentleg finansielle risiko, jfr. kommunelova §52.
- Reglementet skal byggja på kommunen sin eigen kunnskap om finansielle marknadene og instrumentene.
- Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltinga, medrekna kva som vert halde for langsiktige finansielle aktiva. Rådmannen har ei sjølvpålagt plikt til å utgreia og leggja fram saker som vert rekna som prinsipielle for kommunestyret.
- Rådmannen skal til ei kvar tid vurdera om reglementet sine rammer og avgrensingar er eigna, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at kapitalforvaltinga vert utøvd forsvarleg i høve til dei risikoane kommunen er utsett for.
- Det er rådmannen sitt ansvar å inngå avtalar i samsvar med dette reglementet.
- Det kviler på rådmannen, med heimel i dette finansreglementet, å utarbeida nødvendige fullmakter/instruksar/rutinar for dei einskilde forvaltningsformer.
- Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillede å bruka gjennom dette reglementet, kan ikkje verta nytta i finansforvaltinga til kommunen.

Plassering av Samnanger kommune sine midlar i verdipapir, skal skje i samsvar med etiske kriteria. Kriteria er skildra under plassering av langsiktige finansielle aktiva, pkt 8.3. Så langt det er praktisk råd, skal desse etiske kriteria også gjelda for plasseringar i verdipapirfond.

Konkrete rammer for forvalting både av kommunen sine midlar til driftsføremål (inkl. ledig likviditet), gjeldsporteføljen og langsiktige finansielle aktiva, vert omtala i fortsetjinga kvar for seg.

## 6. Forvalting av ledig likviditet og andre midlar tiltenkt driftsføremål.

Kommunen sine midlar til driftsføremål (medrekna ledig likviditet) kan verta plassert i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal verta gjort i norske kroner (NOK).

Kommunen kan inngå rammeavtaler for å ivareta det faste behovet for banktenester. Ved val av hovedbankforbindelse vert det reist krav om minimum internasjonal kreditrating A- eller tilsvarende kredittvurdering.

Driftslikviditeten til kommunen skal plasserast i hovedbanken til kommunen, eventuelt supplert med innskot i andre større spare- eller forretningsbankar med forvaltingskapital over NOK 3 mrd.

Ledig likviditet og andre midlar tiltenkt driftsføremål som overstig det som trengs til å dekkja kommunen sine faste forpliktingar dei nærmaste 3 månadane, kan verta plassert etter følgjande retningsliner:

## **6.1. Innskot i bank**

For bankinnskot gjeld følgjande avgrensingar:

- a) Tidsbinding kan ikkje verta avtalt for ein periode på meir enn 3 år
- b) Eit enkelt innskot med tidsbinding kan ikkje utgjera meir enn NOK 5 mill

## **6.2. Delar i pengemarknadsfond**

For plassering i pengemarknadsfond gjeld følgjande:

- a) Midlar kan berre verta plassert i fond styrde av selskap med god breidde på verdipapirforvalting og som inngår som del av ein godteken institusjon/finanskonsern.
- b) Ingen av fondet sine enkeltpapir skal ha lågare kreditrating enn BBB- ("investment grade"), eller dei skal vera vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarende kredittkvalitet.
- c) Midlar kan ikkje verta plassert i pengemarknadsfond som inneheld industriobligasjonar, ansvarlege lån eller fondsobligasjonar.
- d) Det skal ikkje vera avgrensingar på retten på uttak i fonda som vert nytta, og midlane skal alltid vere tilgjengelege på få dagar.
- e) Samla gjennomsnittleg løpetid for kreditten (kredittdurasjonen) i eit einskild pengemarknadsfond skal ikkje vera meir enn 1,5 år.

## **6.3. Felles plasseringsavgrensingar**

- Kommunen sine samla innskot i bankar /kreditinstitusjonar (inkl. direkte eige av verdipapir utferda eller garantert av institusjonen) skal ikkje vera meir enn 2 % av institusjonen sin forvaltingskapital
- Kommunen sin eigardel i eit pengemarknadsfond skal ikkje vera over 5 % av forvaltingskapitalen til fondet.

## **6.4. Rapportering**

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30. april og per 31. august, leggja fram rapportar for kommunestyret som viser status for forvaltinga av ledig likviditet og andre midlar tiltenkt driftsføremål. I tillegg skal rådmannen etter utgangen av året leggja fram ein rapport for kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapportane skal ta utgangspunkt i følgjande tabell:

Tabell finansplassering

	31.12.201x-1		30.04.201x		31.08.201x		31.12.201x	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot i bank 1 (driftskonto)								
Innskot i bank 2								
Innskot i bank (fondskonto)								
Pengemarknadsfond:								
Fond 1:								
Fond 2:								
Samla kortsiktig likviditet		100 %		100 %		100 %		100 %
	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap
Aksjefond:								
Aksjar:								
Tidsinnskot	NOK ? mill		NOK ? mill		NOK ? mill		NOK ? mill	

Rapporten skal i tillegg opplysa om følgjande:

- Rådmannen sine kommentarar knytt til samansetning, rentevilkår/avkasting, vesentlege marknadsendringar og endring i risikoeksponering.
- Rådmannen si skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvalting og risikorammene i finansreglementet og ev. kva tiltak som vert sett i verk.

## 7. Forvalting av kommunen sin gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar

### 7.1. Vedtak om opptak av lån

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Slike vedtak skal som minimum angje:

- Lånesum
- Nedbetalingstid

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak skal det verta gjennomført låneopptak, medrekna godkjening av lånevilkår, og elles forvalting av kommunen sine innlån etter dei retningsliner som er i dette reglementet, og i tråd med avgjerdene i Kommunelova sin § 50 om låneopptak.

Det kan også verta teke opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld.

Ordførar signerer på opptak av nye lån og på avtaler om rentebinding eller refinansiering av lån.

## 7.2. Val av låneinstrument

Det kan berre verta teke opp lån i norske kroner.

Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, samt i livselskap. Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån)

## 7.3. Tidspunkt for låneopptak

Låneopptaka skal verta vurdert opp mot trøngen for likviditet, det vedtekne investeringsbudsjettet, forventingar om den framtidige renteutviklinga og generelle marknadstilhøve.

## 7.4. Konkurrerande tilbod

Låneopptaka skal ein freista å få gjennomført til dei beste vilkåra på marknaden. Det skal innhentast minst 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle lånegjevarar. Ved opptak i statsbank (f.eks etableringslån i Husbanken) kan ein vika frå dette prinsippet.

## 7.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Styringa av låneporleføljen skal skje ved å optimalisera låneopptak og rentebindingsperiode i høve til oppfatningar om renteutviklinga i framtida og innan eit akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ynskje om førehandsvurdering og stabilitet i lånekostnadene.

Forvaltinga bør verta lagt opp med tanke på følgjande;

- a) Refinansieringsrisikoen skal verta redusert ved å spreia tidspunkt for renteregulering/forfall
- b) Minimum 30% av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eitt år), minimum 20 % skal ha fast rente, medan 50 % skal verta vurdert ut i frå marknadssituasjonen.
- c) Den delen av gjeldsporteføljen som har fast rente, bør verta fordelt i 1 til 5 års segmentet på ein slik måte at kommunen får så låg refinansieringsrisiko som det er råd.

## 7.6. Storleik på enkelt lån – spreiing av låneopptak

Forvaltinga vert lagt opp med tanke på følgjande:

- a) Låneporleføljen skal ha så få lån som råd er, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert avgrensa.
- b) Eit enkelt lån bør ikkje utgjera meir enn 25 % av kommunen sin samla gjeldsportefølje
- c) Under elles like tilhøve vil det vera tilrådeleg at kommunen fordeler låneopptaka på fleire lånegjevarar.

## 7.7. Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30. april og per 31. august rapportera på status for gjeldsforvaltinga. I tillegg skal rådmannen etter utgangen av året rapportera til kommunestyret med tanke på utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapportane skal ta utgangspunkt i følgjande tabell:

Tabell lån og renteutgifter

	31.12.201x-1		30.04.201x		31.08.201x		31.12.201x							
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%						
Lån med pt rente														
Lån med NIBOR basert rente														
Lån med fast rente														
Finansielle leasing														
Samla langsiktig gjeld		100 %		100 %		100 %		100 %						
Tal løpende enkeltlån														
Største enkeltlån	NOK ? mill		NOK ? mill		NOK ? mill		NOK ? mill							
Rentevilkår:														
Bank 1: flytande														
fast														
Bank 2: flytande														
fast														

For gjeldsforvaltinga skal det i tillegg verta rapportert om følgjande:

- Opptak av nye lån i førre tertial
- Refinansiering av eldre lån i førre tertial
- Rådmannen sine kommentarar knytt til endring i risikoeksponering, attverande rentebinding og rentevilkår i høve til den økonomiske situasjonen til kommunen og situasjonen i lånemarknadene, samt føreståande finansierings-/refinansieringsbehov
- Rådmannen si skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvalting og risikorammene i finansreglementet og ev. kva tiltak som vert sett i verk .
- Avvik i forhold til budsjett.

## 8. Forvalting av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

### 8.1 Føremål

Forvalting av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikra ei langsiktig avkasting. Det vert styrt etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samstundes som ein søker ein rimeleg årleg bokført avkasting.

## 8.2 Investeringsrammer

Samnanger kommune har ikkje rammer for plassering av langsiktige finansielle aktiva.

Dersom kommunen på eit seinare tidspunkt har til mål å etablera forvalting av langsiktige finansielle aktiva, vil dette finansreglement verta oppjustert med naudsynte og tilstrekkelege rammer og retningsliner for ei slik forvalting. Det endra finansreglement vil verta vedteke av kommunestyret før oppstart av forvalting av langsiktige finansielle aktiva.

## 8.3 Etiske retningslinjer

Dei etiske retningslinene som til ei kvar tid er gjeldande for Statens Pensjonsfond Utland, skal vera retningsgjevande for Samnanger kommune si etiske handtering av kapitalforvaltinga.

Desse retningslinene medfører mellom anna at selskap som produserer særleg inhumane våpen skal verta utelukka frå porteføljen. Vidare skal selskap verta utelukka dersom det er tydeleg uakseptabel risiko for at kommunen gjennom sine investeringar medverkar til:

- Grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane, som til dømes drap, tortur, tap av fridom, tvangsarbeid, utnytting og annan utbytting av born
- Alvorlege krenkingar av individua sine rettar i krig eller konfliktsituasjonar, alvorleg miljøskade, grov korruption og andre særleg grove brot på grunnleggjande etiske normer .

Samnanger kommune har ansvar for at samarbeidande forvaltarar er informert om både forvaltingsrammer og etiske retningslinjer i kommunen sitt reglement for finansforvalting. Det er Samnanger kommune sitt mål at kapital ikkje vert plassert i selskap med ein uakseptabel etisk profil, og at det difor vert valt forvaltarar som tek omsyn til dei etiske sidene ved val av sine investeringar.

Dersom kommunen blir gjort merksam på at det hos ein forvaltar er plasseringar i selskap med ein uakseptabel etisk profil, skal dette verta teke opp til diskusjon med forvaltaren med tanke på at nemnde plasseringar vert avslutta, eller at kommunen trekkjer seg ut av det aktuelle produktet hos forvaltaren.

## 9. Konstatering av avvik og vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

### 9.1 Konstatering av avvik

Ved konstatering av avvik mellom faktisk finansforvalting og finansreglementet sine rammer, skal slikt avvik straks verta lukka. Avviket slik det har kome fram, og eventuell økonomisk konsekvens av avviket, dersom dette er større enn kr 1 mill, skal utan ugrunna opphold verta rapportert til kommunestyret saman med forslag til rutineendringar som vil redusera risikoen for slike avvik i framtida.

Dersom den konstaterte økonomiske konsekvensen av avviket er mindre enn kr 1 mill, kan slik rapportering venta til neste ordinære finansrapportering til kommunestyret.

## 9.2 Risikovurderingar

Det skal til kvar rapportering til kommunestyret verta gjort følgjande risikovurderingar, kvar for seg :

- Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar tiltenkt driftsføremål og gjeldsporteføljen sett i samanheng,
  - Ei "netto" gjeldsvurdering som viser renterisikoen til kommunen med tanke på rekneskapet, gjeve i NOK ved ein %-del generell endring i rentekurva.

## 9.3 Kvalitetssikring

Finansforskrifta pålegg kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdera om finansreglementet legg rammer for ei finansforvalting som er i tråd med kommunelova sine reglar og reglane i finansføreskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdera rutinane for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekka avvik frå finansreglementet.

Rådmannen vert pålagt ansvaret for at slike eksterne vurderingar vert innhenta.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal skje ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedtek nytt og endra finansreglement. I denne samanheng skal det også verta rapportert om utført kvalitetssikring av rutinane.

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Tone Ramsli	<b>Arkivkode:</b> FE-611, TI-&50
<b>Arkivsaksnr:</b> 10/376	<b>Løpenr:</b> 12/4192
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Formannskapet	05.09.2012	052/12	HLV

**SAL AV UTMARK - ERIKAJORDA - GNR 18, BNR 5 REISTAD****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Under føresetnad av at det vert gitt delingsløyve vert det inngått avtale mellom Samnanger kommune og Inger Renaud Reistad om deling av gnr 18 bnr 5 Reistad som inneber at Renaud Reistad vert eigar av utmarka med påståande sæter og kommunen vert eigar av resterande del. Avhaldne takstar vert lagt til grunn for oppgjernet.

**Dokument som er vedlagt:**

**Tilbod om kjøp av delar av gnr 18 bnr 5 – Erikajorda**

**Svar fra Inger Renaud Reistad på tilboden.**

**Kva saka gjeld:** Sal av utmark – Erikajordet, gnr 18, bnr 5 Reistad.

**Bakgrunn for saka:**

Med utgangspunkt i at delar av innmarka på gnr 18, bnr 5 Reistad var avsett til bustadføremål i arealplanen inngjekk kommunen samtalar med grunneigarane som resulterte i at kommunen overtok ¾-partar av heile eigedomen. Det har vore langvarige diskusjonar med eigar av siste fjerdepart – Inger Renaud Reistad som no har resultert i at ho ønskjer å selja sin del av innmarka mot å få overta heile utmarka med påståande sæter.

Eigedomen er taksert med ulike deltakstar. Taksten for utmarka var sett til kr 300.000 i 2008.

Samnanger kommune sitt primære ønskje har vore å få hand om arealet som kan brukast til bustadføremål. Det var i så måte også aktuelt å overta tilgrensa areal (innmark avsett til landbruksføremål), men ikkje utmarka (LNF). Majoritetseigarane ønskete å selja heile eigedomen – også utmarka – noko som kommunen imøtekom.


I løpet av diskusjonane med Renaud Reistad har formannskapet m.a. gitt løyve til at ho kunne behalda sætra.

Spørsmål om deling vert handtert både etter plan og bygningslova og etter jordlova. Det er sendt søknad om deling, og naturutvalet vil i møte i september handsama søknaden etter plan- og bygningslova. Sidan det er kommunen som er søker, er det fylkesmannen som handsamar søknad etter jordlova.

### Vurderingar og konsekvensar:

Delar av innmarka på gnr 18 bnr 5 er i arealplanen avsett til bustadføremål. Samnanger kommune kjøpte også utmarka sjølv om kommunen i utgangspunktet berre tenkte å sikra seg den delen som skulle nyttast til bustadføremål. Dette gjorde me ut frå diskusjonane med majoritetseigar (3/4). Kommunen hadde ute førespurnader om det var naboar som kunne tenke seg å kjøpa utmarka, men så langt me vart kjend med var det ikkje interesse for det.

Kommunen har no høve til å få selt sin del på utmarka til ein av eigarane av garden og kjøpa att  $\frac{1}{4}$  av innmarka frå denne eigaren. Området kan dermed verta utvikla i tråd med kommunen sine planar.



Det innramma arealet vil vera det kommunen eig dersom utmarka vert eigmeldt av Renaud Reistad.



Inger Renaud-Reistad  
Inkognito Terasse 5  
0256 OSLO

Vår referanse:  
10/376/12/3843/ASK/TR

Arkivkode:  
FE-611, TI-&50

Dykkar referanse:

Dato:  
19.07.2012

## TILBOD OM KJØP AV DELAR AV GNR 18 BNR 5 - ERIKAJORDA

Av dei siste e-postane frå deg forstår me det slik at du no ønskjer å få avslutta saka om kjøp og sal av gnr 18, bnr 5 i Samnanger.

Samnanger kommune ønskjer også å få denne saka avslutta. Det er likevel viktig å presisera at for kommunen er det uproblematisk at me i fellesskap eig denne egedomen. Som nemnd i tidlegare korrespondanse ligg det ikkje føre konkrete planar om å starta utbygging på gnr 18, bnr 5 dei nærmaste åra. Dette skuldast at kostnadene med å få på plass vatn- og avlaupsløyningar vert svært høge og at det er nok bustadomter i Nordbygda til å dekkja etterspurnaden, samt at kommunen har funne alternativ tomt til senter for funksjonshemma. Samnanger kommune ser det likevel som riktig å stå ved tidlegare tilbod om å kjøpa også din del av egedomen.

Ut frå dei to siste e-postane dine forstår eg det no slik at du ønskjer å behalda all utmark og å selja all innmark. For kommunen er det greitt sidan kommunen overtok denne delen fordi seljaren (3/4) berre ville selja garden under eitt.

Når det gjeld prissetting av dei ulike delane av garden, er denne oversiktleg. Det vart halde ein oppdelt takst, og det går derfor klart fram kva som er betalt for utmarka. Samla takst for utmarka er kr 300.000.

Samnanger kommune kjøpte delar av gnr 18 bnr. 5 i slutten av august 2008. Sidan det no har gått lang tid sidan me avslutta handelen med dei andre, kan me tilby ei prisjustering av kjøpesummen i høve til det me betalte dei andre. Me er viljuge til å betala kr 640.000 for heile din del av egedomen. Tilsvarande revisjon vil då sjølvsagt også skje for taksten på utmarka, dvs. at du skal betala kr 315.000 for denne. Det gir følgjande kjøpesummar:

Samnanger kommune vert eigar av all innmark, og betalar for det i samsvar med tidlegare tilbod. Du overtar egedomsretten til all utmark inkl. sætra og betalar i samsvar med takst for denne delen. Det skal bety at kommunen skuldar deg **kr 325.000**. (kr 640.000 – 315.000).

Dersom du likevel ønskjer å selja heile din del, vil det bety at du får utbetalt **kr 640.000**.

Alternativ vert eigartilhøve som i dag og inntil vidare. Dvs. at du fortset eig  $\frac{1}{4}$  part og Samnanger kommune  $\frac{3}{4}$  part. Det inneber m.a. at du vil ha rett til å bruka t.d. sætra som du måtte ønske.

Samnanger kommune er ikkje viljuge til å gå inn i fleire diskusjonar om pris m.m. Denne saka har vore drøfta med politikarane svært mange gongar, og tilbodet er gitt i samsvar med desse diskusjonane.

Me ber no om du tek ei avgjerd. Straks avgjerda di er meldt Samnanger kommune vil me ta ansvar for å evt. skriva skøyte og få det tinglyst.

Med helsing

Tone Ramsli  
rådmann

**Arkiv**

---

**Fra:** Tone Ramsli  
**Sendt:** 27. juli 2012 11:20  
**Til:** Arkiv  
**Emne:** VS: Tilbod om kjøp av delar av gnr 18 bnr 5 - Erikajorda

---

**Fra:** Renaud Inger [mailto:[lormetot@sfr.fr](mailto:lormetot@sfr.fr)]  
**Sendt:** 27. juli 2012 11:15  
**Til:** Tone Ramsli  
**Emne:** Re: Tilbod om kjøp av delar av gnr 18 bnr 5 - Erikajorda

Le 19/07/2012 09:35, Tone Ramsli a écrit :

Hei

Sjå vedlagde skriv. Eg har også sendt som brev til adressa i Oslo.

Helsing Tone Ramsli

---

Denne epost har blitt kontrollert for virus av Comendo Norge AS  
This e-mail has been scanned for viruses by Comendo Norge AS

---

Hei Tone Ramsli,

Takk for brev og mail!

Jeg har diskutert forslaget om at jeg få utmarken og selger dere min 1/4 av innmarken, med mine barn og alle finner løsningen akseptabel.

Da gjør vi det sånn.

Med vennlig hilsen,  
Inger Renaud Reistad

ps

jeg blir på denne adressen ut august måned:  
Inkognito Terrasse 5  
0256 Oslo

tlf. 22561817 / 95969761

---

Denne e-post har blitt skannet av Comendo Norge AS  
This e-mail has been scanned for viruses by Comendo Norge AS

---

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Tone Ramsli	<b>Arkivkode:</b> FA-Q62
<b>Arkivsaksnr:</b> 12/497	<b>Løpenr:</b> 12/4344
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Formannskapet	05.09.2012	053/12	TR

**HØGFARTSBANE I NORGE 2012 - 2015 - SØKNAD FRÅ NORSK BANE OM TILSKOT TIL UTGREIING****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune ser positivt på arbeidet til Norsk Bane for å modernisera togtrafikken i sør-Noreg, og kommunen vil samarbeida med Norsk Bane for å finna fram til ein best mogleg trasè gjennom kommunen.

Samnanger kommune har mange eigne planoppgåver, og med avgrensa midlar til disposisjon må dei prioriterast med ressursar. Søknaden frå Norsk Bane vert derfor ikkje imøtekommen.

**Dokument som er vedlagt:**

Søknad frå Norsk Bane om tilskot til utgreiing om høghastigheitsbane  
TraserapportHaukeliSamnanger.pdf

**Kva saka gjeld:**

Norsk Bane har i mange år arbeidd med utgreiingar med sikte på å få til høgfartsbane mellom aust- og vestlandet. I vedlagde skriv gir dei greie for arbeidet så langt og kva planar som ligg føre.

I det same skrivet søker dei om tilskot frå Samnanger kommune på kr 50.000 til dekking av kostnad med utgreiingar m.m.

Norsk Bane har invitert seg til Samnanger kommune for ein gjennomgang av trasèval. Dette har me takka ja til, og møtet vil finna stad 10.9.2012.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Samnanger kommune har vore i dialog med Norsk Bane i fleire omgangar. Det er vel kanskje opp mot 10 år sidan me første gongen var i dialog med dei. Kommunen har uttrykt glede over engasjementet og arbeidet dei har gjort m.a. som pådrivar for å få til meir effektiv togdrift. Kommunen har på førespurnad takka nei til å gå inn som medlem i organisasjonen, men det har tidlegare vore gitt eit mindre tilskot til planarbeidet.

Sjølv om ein klart ser den samfunnsmessige nytten av å modernisera togtransporten i Noreg, kan det diskuterast kor mykje Samnanger kommune skal engasjera seg i høgfartsbaneprosjekt. Det er viktig å få innsikt i kva planarbeid som pågår som kan ha konsekvensar for bruk av arealet i kommunen, og det var derfor sjølv sagt å takka ja til eit møte med Norsk Bane. Dette er viktig både for kommunen m.a. med tanke på det komande arealplanarbeidet men og for Norsk Bane som treng oppdatert informasjon om arealbruken i kommunen. Sjå vedlegg.

Det er absolutt ikkje sikkert at Samnanger vil ha direkte nytte av ei høgfartsbane gjennom kommunen om bana kjem. Kommunen har avgrensa midlar til bruk til m.a. planlegging, og rådmannen meiner kommunen først og fremst må nytta midlane på eige planarbeid. Ut frå dette og at det er usikkert kva den direkte nytten for Samnanger vil vera av ei høgfartsbane vil rådmannen ikkje tilrå at det vert gitt kommunalt tilskot.

Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

Ålesund, 07.08.2012

## Søknad om tilskudd til ferdigstilling av utredning med Deutsche Bahn om høyhastighetsbane i flerbrukskonsept via Haukeli til Bergen, Haugesund og Stavanger.

### Bakgrunn for søknaden.

Norsk Bane engasjerte i 2008 Deutsche Bahn til en omfattende utredning om høyhastighetsbaner for Norge. Til dette arbeidet søkte vi bl.a. aktuelle bidragsytere i Rogaland, Hordaland og Telemark fylke om tilskudd på 1 million kroner fra hvert fylke. Deutsche Bahns første rapport forelå i mai 2009, og fikk vesentlig innvirkning på Stortinget meget offensive vedtak om lyntog i Nasjonal Transportplan 2010 - 2019. Etter en omfattende vurdering av mulige konsepter og linjeformer anbefalte Deutsche Bahn bl.a. å bygge en høyhastighetsbane Oslo - Bergen / Haugesund / Stavanger via Haukeli, basert på et flerbrukskonsept for langdistanse-, regional-/InterCity- og godstrafikk og med mange stasjoner underveis. Analysene konkluderte med svært positive økonomiske og samfunnsøkonomiske resultater.

Deutsche Bahns utredning inkluderte også et detaljert traseforslag. Pga. av ufullstendig finansiering ble det imidlertid ikke mulig å utarbeide en rapport med kart, illustrasjoner, bilder og beskrivelse av og begrunnelse for traséforslaget og vurderte alternativ. Utredningen ble finansiert med en million kroner i Telemark, men det gjenstår totalt 645.000 kroner i Rogaland og 810.000 kroner i Hordaland. På et møte med flere av de største aksjeeierne i Norsk Bane AS på Vågslid 5. mars 2012 ble det enighet om nå å gå sammen for å sikre den resterende finansieringen, avrundet til ca. 1,4 million kroner, slik at hele utredningen kan ferdigstilles og publiseres snarest mulig.

Dette anses som svært viktig for å kunne posisjonere Haukelibananen inn mot Stortingets behandling i 2013 av Nasjonal Transportplan 2014 - 2023. En av utfordringene er Jernbaneverkets høyhastighetsutredning. Denne synes å være basert på premisser som diskrediterer høyhastighetsbaner generelt og Haukelibananen spesielt. Ikke uventet går Jernbaneverket på denne bakgrunn nå i forslaget til NTP 2014 - 2023 inn for å begrense videre utredninger til Ringeriksbanen og en bane via Kristiansand til Stavanger. For å vinne frem er det derfor avgjørende å kunne vise til et helhetlig alternativ. Utredningen med Deutsche Bahn gir her en stor mulighet.

Under forutsetning av samlede tilskudd på i alt 1,4 million kroner, er det så langt gitt tilslagn om totalt 1,2 millioner kroner, fordelt på flg. bidragsytere: Odda kommune (kr 550 000), Ryfylkefondet (kr 300 000), Sauda Vekst (kr 50 000), Midt-Telemark Næringsutvikling (kr 50 000), Etne kommune (kr 50 000), Vindafjord kommune (kr 50 000) og Jakob Hatteland Group Management AS (kr 50 000), Haugesundsregionens Næringsforening (kr. 50 000), Næringsforeningen i Stavangerregionen (kr. 50 000). Vi tillater oss nå å søke Samnanger kommune om et tilskudd på kr. 50 000, som en del av den resterende finansiering på 200.000 kroner.

### **Mer om Deutsche Bahns utredning.**

Deutsche Bahns utredning av strekningen Oslo - Bergen/Haugesund/Stavanger, via Haukelibanen, inkluderer svært detaljerte traseforslag, omfattende konsept- og markedsanalyser og økonomiske og samfunnsøkonomiske beregninger. Konklusjonene er svært positive. Den samfunnsøkonomiske analysen viser et nytte-/kostnadsforhold på 1,8. Banen er ventet å gi et overskudd som i tillegg til å dekke drift, vedlikehold og fornying av tog og baner, kan betale ned investeringene i tog og infrastruktur i løpet av 30 år med en rente på 2,3%.<sup>1</sup> Slik mulighet til egenfinansiering kan også føre til raskere utbygging av banenettet.

Banene er planlagt i et flerbrukskonsept for langdistanse-, regional-/InterCity- og godstrafikk og er gjennomgående dimensjonert for 270 - 300 km/t. Vedlagte plansjer viser aktuelle reisetider og stasjoner for persontrafikken. Banen er planlagt med kombinert vei- og jernbanebru over Hardangerfjorden ved Belsneset. Det er foreslått stasjon i Tysse i Samnanger kommune. Eksempler på reisetider fra Tysse er Oslo 2:15, Bergen 15 min, Stavanger: 1:20, Haugesund 1:05 min.

Deutsche Bahns markedsanalyse konkluderer med grunnlag for 2 avganger per time og retning Oslo - Bergen, 2 avganger Oslo - Haugesund/Stavanger og 2 avganger Bergen - Haugalandet - Stavanger<sup>2</sup>, dvs. fire avganger per time og retning på alle deler av banenettverket. Selv om ikke alle tog vil stoppe på alle stasjoner på alle avganger (slik f.eks. Flytoget stopper ved Lillestrøm ved halvparten av de 6 avgangene i timen), vil den høye frekvensen likevel gi alle stasjonene underveis et meget godt tilbud. På 2 1/2 time vil togene rekke 9 - 10 stopp underveis mellom Oslo og Bergen og Oslo og Stavanger<sup>3</sup>. 6 stopp underveis gir reisetid 1:35 timer Bergen - Haugesund - Stavanger.

Banene vil også gi helt nye forhold for godstrafikken til/fra Vestlandet. Om lag halvparten så sterke stigninger som på dagens bane nesten dobler lastekapasiteten pr. godstog til 1500 tonn (tilsvarende 75 gjennomsnittlig lastede trailere), mot maks 800 tonn på dagens bane. Alle banene er planlagt med dobbeltspor, med 4 spor i alle stasjoner og ekstra forbikjøringsspor for samdrift godstog/persontog også på dagtid. Høyeste banepunkt blir langt under tregrensen på 649 m.o.h., mot 1222 over Finse, mens frakttiden blir redusert til ca. 5 timer Bergen /Stavanger - Oslo. Planen vil mangedoble kapasiteten for godstrafikk på bane i forhold til i dag og gi en sikker regularitet og leveringskvalitet, noe som vil gjøre gods på bane langt mer attraktivt for transportører. Dette vil kunne gi en stor overføring av godstransport fra vei til bane og samtidig gi store positive effekter for næringslivet, trafiksikkerhet, miljø og veivedlikehold<sup>4</sup>.

### **Utredningen med Deutsche Bahn et avgjørende alternativ til Jernbaneverkets utredning.**

Jernbaneverkets lyntogutredning var allerede ved anbudsutlysningen basert på premisser om bl.a. separate høyhastighetsbaner, uten godstrafikk og med få stasjoner. Vår utredning med Deutsche Bahn har konkludert med at dette er lite gunstige forutsetninger for et vellykket og økonomisk bærekraftig banenett i Norge, og vi kunne derfor ikke delta i anbudskonkurransen på disse premissene<sup>5</sup>. Jernbaneverkets lyntogutredning faller slik også lite heldig ut for Samnanger kommune og Haukelibanen.

<sup>1</sup> Deutsche Bahn holder på med en fornyet gjennomgang av tallene etter noen justeringer. Pga. den sterke veksten i flytrafikken (10 - 13 % på ulike flystrekninger), har DB bl.a. oppjustert anslagene for trafikkvekst til 1,5 % per år, fra opprinnelig kun i hht. befolkningsveksten, på ca. 0,2 - 0,5 per år, varierende fra kommune til kommune. Dette er fremdeles veldig nøkternt sammenlignet med AVINOR, som regner trafikkvekst på 2,8 % per år, som tilsvarer omrent en dobling av trafikken i løpet av 30 år.

<sup>2</sup> I dag går det 72 fly daglig i hver retning mellom Gardermoen/Torp/Rygge og Bergen/Haugesund/Stavanger og 18 mellom Bergen og Stavanger.

<sup>3</sup> Hadde man kjørt Oslo - Stavanger nonstop, ville det tatt ca. 1 time og 50 min., Oslo - Bergen 1 time og 45 min. Hvert stopp tar ca. 4 - 5 min., inkl. nedbremsing, stasjonsopphold og aksellerasjon.

<sup>4</sup> I flg. tyske modellstudier sliter en trailer like mye på veinettet som 60.000 personbiler.

<sup>5</sup> Se evt. ulike oppslag mer om dette på våre nettsider <http://www.norskbane.no/default.aspx?menu=4&id=177>

Når Jernbaneverket i markedsberegningene bl.a. har utelatt godstrafikk, bare har regnet med 3 - 4 stasjoner underveis og ikke har inkludert IC-trafikken, men sett på høyhastighetsbaner som et separat transportsystem, gir det selvsagt store utslag på de økonomiske resultatene. Til sammenligning viser Deutsche Bahns utredning at godstrafikken vil stå for ca. en tredjedel av de samlede inntektene. Deutsche Bahn anbefaler videre 20 stasjoner mellom Oslo - Stavanger / Oslo - Bergen og integrerer IC- og langdistansetrafikk i samme nett.

Samtidig som Jernbaneverket slik drastisk reduserer inntektpotensialet til banene, setter de også premisser som øker investeringsutgiftene kraftig<sup>6</sup>. Jernbaneverkets traséplanlegging kan heller ikke karakteriseres som noe annet enn et grovt korridorsøk som egentlig ikke tillater noen konklusjoner om tunnelandeler, anleggskostnader, aktuelle linjeføringer, reisetider med mer.

De svake resultatene i Jernbaneverkets lyntogutredning viser en svak vilje eller en svak evne til å søke gode løsninger og konsept for lyntog i Norge. Utredningen har store feil og mangler, jfr. ovenfor, og er et dårlig redskap for videre arbeid for lyntog i Norge<sup>7</sup>. Arbeidet med å få løftet frem vår utredning med Deutsche Bahn som alternativ til Jernbaneverkets utredning blir derfor avgjørende viktig.

#### **Avsluttende oppsummering.**

Samnanger kommune og Vestlandet har lite å hente ut av Jernbaneverkets lyntogutredning. Norsk Banes utredning med Deutsche Bahn viser derimot hvordan en kan realisere en bane med svært positive resultater, som vil gjøre områdene rundt banen tilgjengelig på en helt ny måte og kunne ha svært positiv innvirkning på samfunnsutviklingen. Gjennom vår utredning med Deutsche Bahn kan derfor vi tilby et alternativ som kan bringe Haukelibanan aktivt inn i diskusjonen inn mot Stortingets behandling av Nasjonal Transportplan i 2013. For å ferdigstille og publisere utredningen tillater vi oss derfor å søke Samnanger kommune om kr. 50.000,-, som del av en samlet finansieringsplan på 1,4 millioner kroner, jfr. ovenfor.

Traséforslaget er utarbeidet på grunnlag av synfaringer og kart i målestokk 1 : 5.000 eller bedre og vil bli presentert i målestokk 1 : 50.000 med tilhørende beskrivelser og begrunnelser, vurderte alternativer, illustrasjoner og bilder.<sup>8</sup>

Med vennlig hilsen

Jørg Westermann  
Daglig leder

Thor W. Bjørlo  
Kommunikasjonssjef


---

<sup>6</sup> Som et lite eksempel kan nevnes at Jernbaneverket har satt som premiss at alle tunneler skal ha to løp, også de korste på noen få meter til 1 km. Kravet i sikkerhetsforeskriftene er rømningsvei for hver 500 meter, noe som er oppfylt når en er midt i en tunnel på 1 km. Det er derfor mer vanlig at tunneler under 1 km er ettløps, mens man ved lengre tunneler med to løp kan bruke det andre tunnelløpet gjensidig som rømningsvei, gjennom dører med gasstette sluser hver 500 meter. På enkelte strekninger har Jernbaneverkets utredning regnet med at 60 - 65 % av tunnelene er kortere enn 1 km. Valget om disse skal ha ett løp eller to separate løp vil ha kostnadskonsekvenser ikke bare for tunnelene. Også dagstrekningene blir bredere med større fyllinger, større skjæringer, bredere bruver og økte kostnader. Med to separate løp må avstanden mellom sporene økes for å gi plass til veggen mellom sporene, og hvis det kommer slike tunneler fortløpende, kan banen kan ikke sveinge ut og inn hele tiden, men gir også bredere dagstrekninger.


Videre har Jernbaneverket i lyntogutredningen stilt som premiss for lyntogutredningen at alle tunneler skal fullstøpes med armert betong, noe som de f.eks. ikke har stilt krav om for IC-nettet. Deutsche Bahn foretar en konkret vurdering av ut i fra fjellkvaliteten, og store deler av traséene mot Vestlandet går gjennom områder med solide og stabile bergarter, som gneis og granitt.

<sup>7</sup> Se evt. mer om dette på <http://www.norskbane.no/default.aspx?menu=4&id=195>

<sup>8</sup> Se eksempler på andre trasérapporter her: <http://www.norskbane.no/default.aspx?menu=4&id=194> Leveransen omfatter videre trafikkprognosenter for gods- og persontrafikk, kalkyler av inntekter og kostnader, samt bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsomhetsanalyse med tilhørende beskrivelse av beregningsmetode og forutsetninger.



Reisetider med høyhastighetstog  
i InterCity-nettet på Østlandet



Samnanger kommune

5650 TYSSE

DATO: 19.07.2012

VÅR REF: OBHS/tr/jw

DYKKAR REF:

## Gjennomgang av traséframlegg for høgfartsbane - førespurnad om møte

Norsk Bane AS har gjennom fleire år opparbeidd viktig dokumentasjon om høgfartsbaner i Noreg, ikkje minst gjennom utgreiinga vår med Deutsche Bahn International GmbH.<sup>1</sup> Ein første rapport låg føre i mai 2009 og konkluderte m.a. med svært gode økonomiske resultat og ei klar positiv tilråding for ei høgfartsbane Oslo - Bergen / Haugesund / Stavanger via Haukeli.<sup>2</sup> Rapporten fekk vesentleg innverknad på Stortinget sine offensive vedtak om høgfartsbaner i Nasjonal Transportplan (NTP) 2010 - 2019. Der bad Stortinget om utgreiingar med "bygging av høyhastighetsbane som siktet mål" og varsla ei avgjerd våren 2013, i NTP 2014 - 2023.<sup>3</sup>

Deutsche Bahn si utgreiing om høgfartsbana Oslo - Bergen / Haugesund / Stavanger femna m.a. om grundige analyser av ulike traséalternativ og eit framlegg til linjeføring som er utarbeidd med fem meters presisjon i terrenget. Grunna utilstrekkeleg finansiering i 2008 og 2009 blei det likevel ikkje mogeleg å få levert ein detaljert rapport med kart, illustrasjonar, traséomtale og grunngjeving for konklusjonane, slik det t.d. blei gjort ved Deutsche Bahn sine utgreiingar i seinare år, av høgfartsbaner mot Ålesund, Gjøvik og Stockholm.<sup>4</sup>

I mars 2012 blei det teke eit nytt initiativ til å få utarbeidd ein tilsvarende trasérapport om Oslo - Bergen / Haugesund / Stavanger. Det har til no kome tilseigner<sup>5</sup> om tilskot på i alt 1,2 mill. kr, medan samla søknadssum er på 1,4 mill. kr. Det manglar såleis kr 200.000 før trasérapporten er fullfinansiert, men vi har god von om at resterande finansiering vil vere i orden tidleg på hausten 2012. Vi har difor valt å byrje med delar av arbeidet no for å kunne fullføre rapporten i god tid før Stortinget si handsaming av neste NTP.

<sup>1</sup> Deutsche Bahn International GmbH er Deutsche Bahn sitt heileigde datterselskap som tek seg av Deutsche Bahn sine plan- og analyseaktivitetar i utlandet.

<sup>2</sup> Sjå <http://www.norskbane.no/default.aspx?menu=95> for meir informasjon om utgreiinga vår med Deutsche Bahn.

<sup>3</sup> Sjå <http://www.stortinget.no/Global/pdf/Innstillinger/Stortinget/2008-2009/inns-200809-300.pdf>, kap. 6.3.2.1.

<sup>4</sup> Sjå <http://norskbane.no/default.aspx?menu=4&id=181>, <http://www.norskbane.no/default.aspx?menu=4&id=194> og <http://www.norskbane.no/default.aspx?menu=4&id=198>

<sup>5</sup> Tilsegnene er gjevne av Odda kommune (kr 550 000), Ryfylkefondet (kr 300 000), Midt-Telemark Næringsutvikling (kr 50 000), Sauda Vekst (kr 50 000), Jakob Hatteland Group Management (kr 50 000), Etne kommune (kr 50 000), Vindafjord kommune (kr 50 000), Haugesundregionens Næringsforening (kr 50 000) og Næringsforeningen i Stavanger-regionen (kr 50 000).

Det har no gått snart fire år sidan Deutsche Bahn byrja å analysere aktuelle traséar for Oslo - Bergen / Haugesund / Stavanger. Somme stader er områda som blei vurderte som veleigna for banebygging, blitt disponerte til andre føremål. Andre stader vil nye moment kunne gje grunnlag for nye vurderingar og andre konklusjonar enn Deutsche Bahn kom til i 2008 og 2009.

Vi ønskjer difor å nytte arbeidet med trasérapporten om Oslo - Bergen / Haugesund / Stavanger til kvalitetssikring og evt. oppdatering av Deutsche Bahn sine traséframlegg. Det inneber m.a. å fornye og komplettere innhentinga av lokal kunnskap om ulike område. Vi vil gjerne leggje Deutsche Bahn sine trasévurderingar fram for representantar for Samnanger kommune og be om kommentarar.

Slik innhenting av synspunkt skal ikkje erstatte evt. framtidige planprosessar i tråd med plan- og byggingslova, men skal primært medverke til eit påliteleg kalkylegrunnlag for byggjekostnader og køyretider. Samstundes vil Deutsche Bahn sine vurderingar av aktuelle og mindre aktuelle linjeføringar òg kunne vere nyttige innspel til kommunen si arealplanlegging.

Vi tillet oss difor å be om eit snarleg møte og vil setje pris på å kunne møte personar med kjennskap til Samnanger kommune sitt plan- og utviklingsarbeid, til reise- og fraktmønstre i regionen og til annan relevant informasjon, t.d. geologiske tilhøve, naturkvalitetar, kulturarv og jord- og skogbruk.

Om ønskjeleg vil vi òg kunne gje informasjon om andre delar av Deutsche Bahn sitt utgreiingsarbeid (konsept, marknad, økonomi, m.m.), om skilnadene i høve til Jernbaneverket si utgreiing og om status i det politiske arbeidet for å få realisert høgfartsbaner i Noreg.

Vi vonar de vil kunne setje av om lag 1 - 1,5 timer til eit slikt møte og at minst ein av datoane nedanfor vil kunne høve:

- Veke 31: onsdag, 01.08.12, torsdag, 02.08.12, fredag, 03.08.12
- Veke 34: onsdag, 22.08.12, torsdag, 23.08.12, fredag, 24.08.12
- Veke 37: måndag, 10.09.12, tysdag, 11.09.12, onsdag, 12.09.12

Vi høyrer gjerne frå dykk så snart som mogeleg og vil vere takksame for meir enn eit framlegg til møtetidspunkt, i tilfelle det er mogeleg for dykk. Det vil gjere det lettare for oss å utarbeide rasjonelle reiseruter. Om ønskjeleg vil vi òg kunne gje meir utfyllande opplysningar på telefon.

Med venleg helsing

Jørg Westermann  
dagleg leiar  
Norsk Bane AS